# Fasteaksjonen 2024

**Søndag 17.mars** skal alle konfirmantane ut å gå med bøsser, i gatene rundt der dei bur.

- Dei kan gå saman med andre, to og to eller til nød 3 nokre stader – sjå i rodedokumentet kor mange bøssebærarar ein treng på rodene.
- Dersom dei vil gå saman med konfirmantar som tilhøyrer ei anna rode/området, så er det greitt. Skriv inn begge konfirmantane/namna i det området/roden dei skal gå. Avtal saman, og forelder til konfirmanten der dei skal gå skriv begge namna inn i roden der dei skal gå.
- Der det er behov for bil for å frakte konfirmantane til husa, så skriv de inn namnet på sjåføren i feltet «sjåfør m/bil».

- Foreldre er også hjarteleg velkomne til å ta ei bøsse og gå saman med konfirmanten i området. Skriv då inn namnet til foreldre som bøssebærer saman med konfirmanten.
- Dersom foreldre er med kan det også vera at de vil ta to områder, sidan det går fortare å gå den eine. Då skriv de dykk inn på dei to rodene de velger.

*Vi har ikkje hatt tid og kapasitet til å hente inn oppdaterte rodenamn, så det kan vera det er nye gater/husnummer i roden. Fint om de går til husa som manglar i roden der dette er tilfellet.*
*Og det kan vera det er behov for sjåfør andre stader enn der vi har notert det i skjema. Skriv ein kommentar i feltet/kolonna bak roden.*

**OBS!** Desse lenkene er KUN til dykk vaksne/foreldre, ikkje til konfirmantane.

**RODER for konfirmanter med …. som postnummer:**

1. Opne googledokumentet og finn gata/området din konfirmant skal gå i.
2. Skriv inn namnet på konfirmanten i den roden dei skal gå i + evt namn på foreldre som skal gå eller kjøre.

**FRIST for ferdig utfylt skjema:**
Vi ber om at de har plassert konfirmant på rode **innan torsdag 14.mars**

**Dette blir konfirmantens viktigste gåtur i år, og vi trur det blir bra å kjenne på at ein bidra på ein veldig konkret måte, til ei utruleg viktig sak!**